



## FLORA KOMMUNE, Tenesta for Barn og Unge

Flora helsestasjon  
Hans Blomgt. 39  
6905 Florø

Telefontid måndag -fredag  
kl. 08.30-15.00  
Tlf. 5774 0004

# Til deg som skal ut å reise – eller av andre grunna ønskjer å bli vaksinert

Flora helsestasjon kan gje deg vaksine mot sjukdomar du ønskjer å beskytte deg mot, for eksempel ved reise til utlandet, spesielle jobbtilhøve/-risiko, eller dersom du framleis ønskjer å beskytte deg mot sjukdomar du vart vaksinert mot som barn som for eksempel difteri/stivkrampe/kikhoste/polio. Ønskjer du slik vaksinasjon, må du ta kontakt med helsestasjonen **i god tid** før du treng beskyttelse eller før avreisa til utlandet.

Omfattande vaksinasjonsprogram med mange vaksiner kan ta fleire månader å gjennomføre. Vaksiner treng dessutan opptil 14 dagar for å gje ønskt effekt. Enkelte vaksiner kan gje etterverknader opptil 2 ½ veke etter vaksinasjonen.

### Når du henvender deg til helsestasjonen må du:

1. **Fylle ut skjema** «Helseopplysingskjema» og skjema som heiter «Vaksinasjonsjournal» (side 1 og 2 i samme skjema). Vaksinasjonsjournal skal innehalde detaljerte opplysningar om reisemål, reiselengde, buforhold, spesielle utfordringar/risiko samt tidlegare vaksinasjonar. Opplysningane i skjema blir brukt av helsesøster og lege for å kartlegge om du kan bli vaksinert slik folkehelseinstituttet anbefaler. Det er difor sær s viktig at skjema er fylt ut så fullstendig som mulig. Du kan få aktuelle skjema på helsestasjonen, evt. kan du skrive det ut frå internett på [www.flora.kommune.no/skjema](http://www.flora.kommune.no/skjema)
2. Ta med gammalt vaksinasjonskort eller vernepliktsbok. Reisevaksinasjon må ta omsyn til vaksiner du har fått tidlegare.
3. **Levere/send inn skjema** til helsestasjonen. Skjema fungerer som ein resept for vaksiner og er di bestilling av vår teneste.

Etter at vi har fått skjema om reisevaksinasjon vil vi utarbeide ei anbefaling til deg og evt. sette deg opp på time. Normalt blir anbefaling saman med vaksinasjonsavtale tilsendt i posten.

Du kan sjølv lese meir om vaksiner og reiseråd på [www.fhi.no/vaksine](http://www.fhi.no/vaksine)

### Konsultasjonsprisar ved Flora helsestasjon:

1. gangs vaksinasjonsavtale / ny reise:	kr. 350
2. gangs vaksinasjon / revaksinerer:	kr. 200
Gruppe på 2 eller fleir, pr.pers	kr. 250
Internasjonalt vaksinekort utan samtidig vaksinasjon:	kr. 100
Resept malariatabl./anna	kr. 75
Ikkje møtt til timeavtale	kr. 350